

Foreldreinfo desember 2022



FAU/SU/SMU

FAU ønsker å takke Håvard Vikeså og Per Spødevold som gav egg og mjølk til frokosten, og ein stor takk til dei som bidrog til sjølve gjennomføring av lunsjen 5.des. Veldig kjekt!

Det har vore møte i SU/SMU 8.des, du finn referatet [her](#).

Tilbod om symjing i juleferien

27. og 28. des er det ope i bassenget som på laurdagsbading. Det er gratis inngang, og ein melder seg på ved oppmøte eller på tlf. 40444955.

Trafikksikker kommune

Bjerkreim kommune har som den 19. kommunen i Rogaland blitt sertifisert som trafikksikker kommune.

Skulen har samla interne planar og systematisert korleis vi, saman med FAU, arbeider for å gjera elevane til gode trafikantar på sitt nivå.



Lagedagar

Tusen takk til føresette og besteforeldre som hjalp til på lagedagane våre på 1.-4 trinn og 5.-7.trinn. Alltid stas å få ha dykk heime med i skuledagen! Mange fine produkt vart laga, og stemninga var god på begge dagar.

Luciatog

1.trinn song og delte ut lussekattar.

Julegudsteneste

1.-10.trinn hadde felles gudsteneste. 300 elevar i kyrkja i 70 min. Dei klarte seg kjempegodt, og hadde øvd så bra på det dei skulle vise fram!

Julemiddag 9.trinn

9.trinn lagar kvart år julemiddag til seg sjølv. Vaksne på trinnet og i leiinga blir invitert. Elevane lagar underholdning, talar og leiker, og pynter både tekstilrommet og seg sjølv. Kjekk tradisjon og vel gjennomført!

DESEMBER-AKTIVITETAR



Snø og aking

Elevar har fått vore mykje ute og brukt snøen og isen som har låge i Desember i år. Gildt å få ha elevane med seg ut!

Julefreden senkar seg over bygda. SFO held ope i romjula for dei som har ferietilbod der, elles er det roleg også her i gangane og på skulebygga. Henriette på kontoret skal ha permisjon i 2023, me har lyst ut etter ny tilsett som kan dekke opp for henne på kontoret. Dette håpar me å få på pass så snart som mogleg. Me har vore litt underbemanna i administrasjon dette skuleåret, me håper de ikkje har opplevd å ringa utan å få svar for ofte..

Kos dykk i lag med ungane og ungdommane denne jula – me gler oss til å sjå dei att, alle som ein, den 2. januar 2023. God Jul!

Mvh

Svanhild Gjedrem

rektor

